



- Ho fell fint inn i ramma, seier kundane etter å ha møtt ein ny medarbeidar i SPAR. Ho er frå Omvikdalen, heiter Kathrine Miljeteig, er 25 år og gift og busett i vår bygd. Difor var det ikkje så unaturleg at ho skifta arbeidsplass frå Eurospar i Rosendal til SPAR i Uskedalen.

Kathrine har 5 år bak seg ved butikken i Rosendal. Ho startar med ein attest frå sin nye arbeidsgjevar som ein sjeldan ser maken til.

På Facebook kan vi nemlig lesa at Kathrine er kjekk, triveleg, arbeidssom, hyggeleg, smilande og hjelpsom!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen